



HANDLINGSPLAN

for langsiktig samarbeid og utvikling mellom Vestre Slidre kommune og Vestre Slidre hytteforeining

1. Vestre Slidre kommune (VSK) og Vestre Slidre hytteforeining (HYT) ynskjer å formalisera samarbeidet på ein slik måte at det er synleg, at det forpliktar, og det er langsiktig. VSK og HYT har difor vorte einige om ein handlingsplan som sikrar dette. Gjennom planen skal VSK vera ein ressurs for HYT og deira medlemmer slik at det er attraktivt for hytteeigarar å etablere seg i kommunen, samt å få nytta fritidsbustaden sin på ein optimal måte. Likeeins skal hytteeigarane gjennom trivsel og kjensle av å høyra til i kommunen, vera gode ambassadørar for Vestre Slidre og for Valdres.
2. VSK og HYT har nedsett ei styringsgruppe, som er samansett av arbeidsutvalet i HYT og ordførar + rådmann frå VSK. Det er styringsgruppa som har det overordna ansvaret for at avtalen oppnår dei mål som er sette. Styringsgruppa legg viktige saker fram for formannskapet, når gruppa eller formannskapet ber om det. Styringsgruppa kan også be om å få gje ei årleg orientering til kommunestyret.
3. VSK og HYT har også nedsett ei rekkje arbeidsgrupper, som har medlemmer både frå formannskapet og HYT. Mandatet til gruppene vert fastsett av styringsgruppa.
4. HYT skal vera eit naturleg kontaktpunkt for VSK i alle saker som har særlege konsekvensar for hytteeigarane. Dette gjeld spesielt utbyggingsplanar og VA-planar for dei områda som er regulert for fritidsbustad i kommunen.
5. VSK og HYT har felles interesser i at hytteområda vert utvikla med optimale rekreasjonstilbod på heilårsbasis, samstundes som aktivitetar og fortetting ikkje går ut over det særeigne som kjem frå naturen og stillheita på fjellet i Vestre Slidre. VSK vil difor gje økonomisk støtte til løypelag, utstyr og løypekøyning, so langt dette let seg innpassa i dei årlege budsjetta. VSK vil også vera med å påverka arbeidet med rydding og merking av stiar, samt plassering av klopper og liknande.
6. VSK ynskjer at hyttefolket skal opphalda seg ofte og lenge på hyttene. VSK og HYT vil difor samarbeida om å sikra ein god IKT struktur i hytteområda, og vil saman søkja optimale løysingar frå alternative leverandørar av slike tenester. VSK og HYT vil også samarbeida om å sikra eit optimalt helse- og omsorgstilbod for hyttefolket.
7. VSK ynskjer å leggja til rette for at hyttefolk som ynskjer fast busetjing i kommunen, skal få høve til dette. VSK og HYT vil difor samarbeida om å finna optimale løysingar kor begge partar sine interesser vert tekne omsyn til.
8. Handlingsplanen er godkjent av Formannskapet i VSK, og av Arbeidsutvalet i HYT.



For Vestre Slidre kommune



For Vestre Slidre hytteforeining

Slidre, 19.11.2015